Konsolidert årsregnskap – Samlet regnskap for kommunen som juridisk enhet. Består av årsregnskapene for kommunekassen, kommunale foretak, kommunale oppgavefelleskap og interkommunale politiske råd som ikke er egne rettssubjekt og lånefond.

Handlingsregler – Kommunelovens bestemmelser som økonomiforvaltning som skal støtte opp under målet om at kommunene skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid. Handlingsreglene omfatter kravet til økonomisk balanse i drift og investering, skillet mellom drift og investering, begrensningene i bruk av lånemidler og kravet til årlige avdrag.

Merforbruk – Underskudd i driftsregnskapet. Oppstår når utgiftene i et regnskapsår er høyere enn inntektene og kommunen heller ikke har tilstrekkelig med avsatte midler (disposisjonsfond) til å dekke inn utgiftene.

Udekket – Underskudd i investeringsregnskapet. Oppstår når kommunen ikke har tilstrekkelig med lånemidler, inntekter i investeringsregnskapet eller andre finansieringskilder til å finansiere årets investeringsutgifter.

Minimumsavdrag – Minstekrav til hvor mye kommunen skal betale i avdrag på sine innlån. Tilsvarende størrelsen på kommunens avskrivninger i regnskapsåret, justert for forholdet mellom størrelsen på lånegjelden og størrelsen på kommunens avskrivbare anleggsmidler.

Garantier – Omfatter kausjoner og annen økonomisk garanti. Kausjoner er tredjemannsgarantier for andres gjeld i form av simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon. Med annen økonomisk garanti siktes det til selvstendige garantier. Egengarantier, dvs. kommunens garanti for egen ytelse, omfattes ikke.

Selvkost – Kommunens merkostnad ved å produsere en tjeneste. Omfatter direkte og indirekte driftskostnader og direkte og indirekte kapitalkostnader.

KOSTRA – Kommune-Stat-Rapportering. Nasjonalt informasjonssystem med opplysninger om økonomi, ressursbruk og tjenester i kommunene.

Til høringsinstansene

(ifølge liste)

Oslo, 2. februar 2026

Høring – Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen

Det vises til vedlagte høringsutkast om veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen.

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) har samarbeidet om å utarbeide anbefalingene. Styrene i FKT og NKRF har sluttet seg til å sende anbefalingene på høring.

Det er ei arbeidsgruppe som står for forslaget. Arbeidsgruppa har bestått av representanter for de to organisasjonene.

Det vil senere bli sendt ut en invitasjon til et «høringswebinar».

Høringsfristen er satt til **22. april 2026**.

Høringssvar sendes til post@nkrf.no eller fkt@fkt.no

Høringssvarene vil bli publisert på nettsidene til både FKT og NKRF.

Vennlig hilsen

Rune Tokle
Daglig leder, NKRF

Nina Herland
Generalsekretær, FKT

Høringsinstanser:

- FKTs medlemmer
- NKRFs bedriftsmedlemmer og komiteer
- Kommunal- og distriktsdepartementet
- KS – Kommunesektorens organisasjon
- Revisorforeningen
- Norsk Kommunedirektørforum

Kontrollutvalet

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
16/26	Bremanger kontrollutval	09.03.2026

Arkiv	Sakshandsamar
FE-217	Arnar Helgheim

Kontrollutvalsplan - gjennomgang og eventuell endring

Vedlegg i saka:

Aktuelle prosjekt frå planprosessen i Bremanger

Oppdaterte samanlikningar for SEKOM-kommunane - desember 2025

Bremanger - kontrollutvalsplan - vedteken av kommunestyret i sak 41/24 d3n 13.6.24

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet prioriterer følgjande oppfølging av kontrolltiltak:

1. Endra prioritering i kontrollutvalsplanen:
 - a.
2. Orienteringar frå kommunedirektøren eller andre tilsette:
 - a. Barnevern
 - b. Barnehage - drift
 - c. Legetenesta
 - d. Psykisk helse - tenesta

Saksutgreiing:

Kontrollutvalsplanen vart vedteken av kommunestyret i sak 41 den 13.6.2024. Kontrollutvalet fekk samstundes fullmakt til å gjere endringar og / eller tillegg i prioriteringa.

Gjennomgang og eventuell endring

Planen vart utarbeidd i det første halvåret av kontrollutvalet sin periode. Planen vart laga ut frå den situasjonen som var då, den kunnskapen utvalet hadde og dei innspela som kom i planprosessen.

Vi er no komne midtvegs i valperioden og det er eit naturleg tidspunkt å gå gjennom prioriteringane på nytt. Dette er også siste sjanse utvalet har til å endre prioritering av revisjonsprosjekt som vert levert denne perioden.

Med andre ord: Dersom det er noko område utvalet er spesielt interessert i å undersøke, bør det prioriterast fram no.

Vedteken prioritering

Klipp frå den vedtekne kontrollutvalsplanen:

Prioritet	Prosjekttittel
1	Informasjonstryggleik
2	Undervisningspersonell
3	Vedlikehald av kommunale eigedomar
4	Økonomistyring
5	Leiging
6	Pleie og omsorg – tenester
7	Barnehage - drift

Andre kontrollformer

Hovudføremålet med kontrollutvalsplanen er å prioritere forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kontrollutvalet kan også følgje opp ulike område på andre måtar som til dømes:

- Orienteringar frå kommunedirektøren / andre tilsette
- Besøk og informasjon på einingar eller verksemder
- Orienteringar frå revisor
- Avgrensa revisjonsrapportar
- Innhenting av informasjon og utgreiing ved sekretariatet

Tilråding frå SEKOM sekretariat

Punkt 1 i tilrådinga gjeld sjølve prioriteringa i kontrollutvalsplanen. Her kan kontrollutvalet i møtet komme fram til ordlyd på eventuell omprioritering. Dersom det ikkje vert endring, kan dette formulerast slik i vedtaket: "Prioriteringane i kontrollutvalsplanen vert ikkje endra".

Punkt 2 i tilrådinga gjeld oppfølging med orientering frå kommunedirektøren om nokre av dei mest aktuelle prosjekta som det ikkje ligg an til å få gjennomført i denne perioden. Notatet om aktuelle prosjekt var ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. Sekretariatet har sett opp eit framlegg til rekkefølge som utgangspunkt for drøfting i utvalet.

Oppfølging av vedtak

Sekretariatet legg opp til at oppfølginga av dei aktuelle punkta under orienteringar vert gjennomført i den rekkefølge dei er vedtekne. Vi avklarar med kontrollutvalsleiar kva møte der det høver å ha dei ulike sakene.

Når saka kjem på sakskartet, lagar sekretariatet ei utgreiing med ca 4 - 6 punkt som det er ønskjeleg å få informasjon om. Etter same modell som mellom anna sakene om internkontroll og økonomistyring.

Arkivsak	Journalnr	Dato
23/266	25/1878	18.12.2025

Aktuelle prosjekt frå planprosessen i Bremanger

Før kontrollutvalet prioriterte prosjekt, hadde SEKOM sekretariat strukturert innspela i planprosessen i notat 26.2.24. Nedanfor har vi laga ei oversikt med dei same prosjekta.

Vi har teke med ei kolonne som viser prioritering i den vedtekne planen og ei kolonne med status for oppfølging.

I kolonnen med «oppfølging – status» har vi teke med både formelle revisjonsprosjekt og andre saker som vi meiner handlar om same tema.

Mest aktuelle prosjekt

Prosjekttittel	Plan prioritet	Oppfølging - status
A. Barnehage - drift	7	
B. Sjukefråvære og vikar		
C. Pleie og omsorg - tenester	6	Planlagt besøk på Svelgen omsorgssenter 26.1.2026
D. Leiging	5	Personalfunksjonen - informasjon.
E. Legetenesta		
F. Undervisningspersonell	2	Tinga forvaltningsrevisjon med levering 1.6.26
G. Psykisk helse-tenesta		
H. Vedlikehald av kommunale eigedomar	3	Eit punkt ved informasjon om økonomistyring 2025
I. Økonomistyring	4	Rekneskap og årsmelding. Årleg informasjonssak. Forenkla etterlevingsrevisjon om: *Finansreglement *Arbeidsdeling *Sjølvkost
J. Barnevern		

Andre aktuelle prosjekt

Prosjekttittel	Plan prioritet	Oppfølging - status
K. Informasjonstryggleik	1	Utført forvaltningsrevisjon.
L. Kvalitetssystem		Årleg informasjonssak Kvalitetssystem brann og redning
M. Barnehage – tilsynsrolla		
N. Pleie og omsorg – personell		
O. Vikarbyrå		
P. Rekruttering		
Q. Medarbeidaroppfølging		System for varsling - informasjon Personalfunksjonen - informasjon
R. Kommunen som planmynde		Spørsmål til kommunedirektøren Innspeil utanfrå om: *Planprogram Holmaneset *Likebehandling i plansaker *Tilråding i strid med samfunnsplanen? Spørsmål til neste møte om planoppfølging og styringskjede
S. Trygt og godt barnehage og skulemiljø		Besøk med orientering på Svelgen oppvekst *Tilsyn Davik oppvekst *Tilsyn om gratisprisnippet
T. Beredskap		Spørsmål til kommunedirektøren Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap.
U. Tilhøve mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde		
V. Fiberutbygging		

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
Arnar.Helgheim@sekom.no

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval



SEKOM-KOMMUNANE

OPPDATERTE SAMANLIKNINGAR

Oppdatering av samanlikningar som var med i plangrunnlag om risiko og vesentlegheit (ROV).

18.12.2025

1. INNHOLD

1. INNHOLD	1
2. SAMANLIKNING AV SEKOM-KOMMUNANE	2
OPPDATERT INFORMASJON	2
OM SAMANLIKNINGANE	2
REVISJONSPROSJEKT I ALLE KOMMUNANE	2
KOMMUNEBAROMETERET	3
OPENHEITSBAROMETERET	4
SJUKEFRÅVÆR	4
OPPVEKST	5
PLEIE OG OMSORG	5
PLAN OG BYGGESAK	5
BEREDSKAP	6
FINANSIELLE NØKKELTAL	6
INNBYGGARTAL	7
AVVIK PR STILLING	8
FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL	8
3. REVISJONSPROSJEKT 2019 - 2023	9
4. REVISJONSPROSJEKT 2024 - 2027	12

2. SAMANLIKNING AV SEKOM-KOMMUNANE

OPPDATERT INFORMASJON

Vinteren 2026, går alle kontrollutvala gjennom prioriteringane og gjer eventuelle endringar og oppdateringar. I samband med dette, har vi oppdatert samanlikningane med nyare tal.

Tilsvarande oversikter var med i plangrunnlaget som SEKOM laga ved oppstarten av prosessen med kontrollutvalsplan vinteren 2024.

Oversikt over avvik pr stilling var ikkje med i plangrunnlaget. Dette er eit oppsett som vi laga i samband med sakene om rekneskap og årsmelding for kommunane våren 2025.

Oversikt frå forenkla etterlevingskontroll var heller ikkje med i plangrunnlaget. Denne laga vi til informasjonssak om økonomistyring hausten 2025.

OM SAMANLIKNINGANE

Vi samla ein del talfesta informasjon om dei 10 «SEKOM-kommunane». Her finn de med andre ord tala for den enkelte kommune og mogelegheit for å sjå dette opp mot tilsvarande tal for nabokommunane.

Talmaterialet er henta frå ulike kjelder, som er kommentert for kvar tabell.

Som kjent, finst det nesten uendelege mengder med informasjon om kommunane. Både med tanke på kontroll (som her) og styring er den store utfordringa å plukke ut «dei rette tala».

Drift av ein kommune eller ei teneste er samansett. Det finst såleis ikkje noko tal som gir fasit på stoda. Men: Det fins mange tal som gir indikasjonar!

Vi håpar informasjonen kan vere grunnlag for refleksjonar og gi ein peikepinn på aktuelle område for kontroll.

REVISJONSPROSJEKT I ALLE KOMMUNANE

Til slutt i dette dokumentet har vi teke med oversikt over utførte og planlagde forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Vi har teke med oversyn frå heile førre valperiode i tillegg til status pr 18.12.25 for inneverande periode.

I tillegg til å vise kva som er gjennomført og planlagt, tenkjer vi at det kan vere nyttig for utvala å sjå kva som er jobba med i dei andre kommunane.

KOMMUNEBAROMETERET

Kommunebarometeret er ei måling som Kommunal Rapport publiserer kvart år. Den bygger på til saman 155 nøkkeltal fordelt på 12 ulike sektorar. SEKOM-kommunane si rangering kvart år i det samla kommunebarometeret:

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Askvoll	42	262	110	171	233	230	220	228	307
Bremanger	344	393	385	329	285	250	218	161	184
Fjaler	51	81	184	139	221	179	222	227	203
Gloppen	24	21	26	78	43	79	41	5	26
Gulen	185	276	159	263	253	279	284	252	208
Hyllestad	343	338	302	360	304	329	257	307	329
Høyanger	319	310	358	173	239	231	173	203	179
Solund	326	339	224	368	337	349	328	348	347
Stryn	15	38	5	40	20	14	17	19	98
Sunnfjord	x	x	x	x	129	136	108	31	48

Slik er SEKOM-kommunane rangert på kvar av dei 12 sektorane i 2025:

	Grunn-skule	Pleie og omsorg	Barnevern	Barne-hage	Helse	Kultur
Askvoll	141	292	348	259	259	346
Bremanger	19	114	100	178	303	320
Fjaler	93	277	340	146	319	294
Gloppen	60	81	137	40	273	40
Gulen	243	29	332	26	33	334
Hyllestad	297	269	348	174	303	35
Høyanger	49	94	206	242	51	46
Solund	320	339	357	92	144	3
Stryn	104	296	220	51	345	137
Sunnfjord	6	189	38	47	206	160

	Sosialten esta	Økonomi	Kostnads nivå	Klima og natur	Saks-handsami ng	VAR
Askvoll	267	286	310	239	159	166
Bremanger	5	53	332	309	79	242
Fjaler	68	175	145	172	306	150
Gloppen	68	188	99	55	49	269
Gulen	61	47	337	183	43	186
Hyllestad	342	230	210	183	239	127
Høyanger	10	155	313	106	202	198
Solund	356	330	245	129	320	198
Stryn	20	190	65	17	159	338
Sunnfjord	154	271	224	68	84	248

Fargeskala

Farge	F.o.m.	t.o.m
Grønt	1	119
Gult	120	237
Raudt	238	356

OPENHEITSBAROMETERET

Openheitsbarometeret er ei undersøking i regi av Kommunal Rapport og Norsk presseforbunds offentlighetsutvalg. Det er ikkje publisert nyare tal enn dei som var tilgjengelege vinteren 2024.

SEKOM-kommunane si rangering blant alle kommunane i landet 2021 – 2023, der vi har nytta same fargeskala som Kommunal Rapport:

Kommune	2021	2022	2023
Askvoll	270	52	102
Bremanger	122	174	166
Fjaler	138	16	36
Gloppen	308	61	236
Gulen	298	23	25
Hyllestad	109	129	337
Høyanger	170	110	102
Solund	313	174	265
Stryn	253	61	86
Sunnfjord	122	37	75

Fargeskala

Farge	F.o.m.	t.o.m
Grønt	1	119
Gult	120	237
Raudt	238	356

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråvær i prosent for kvart av dei 4 seinaste åra med tal frå NAV:

Kommune	2021	2022	2023	2024
Askvoll	9,03	7,55	7,1	7,6
Bremanger	7,15	7,2	6,3	7,9
Fjaler	5,78	6,78	6,6	7,2
Gloppen	5,58	5,8	5,68	5,7
Gulen	8,73	8,43	7,3	6,73
Hyllestad	6,2	8,95	8,4	5,38
Høyanger	6,73	6,5	6,6	7,95
Solund	6,03	6,55	6,33	7,75
Stryn	7,75	7,25	7,88	7,58
Sunnfjord	7,18	6,75	6,45	7,13
Alle kommunane i landet	7,6	7,7	7,7	7,9
SEKOM-kommunane	7,02	7,18	6,86	7,09

Fargeskala

Grønt	Meir enn 0,5 under landssnitt
Gult	Innan 0,5 over/under landssni
Raudt	Meir enn 0,5 over landssnitt

Det fins ikkje noko samla register over eigenmeldt sjukefråvær. Før 2020 samla KS statistikk, men har slutta med dette. Også KS brukar no SSB sine tal om legemeldt fråvær, mellom anna for at det skal vere enklare å samanlikne med andre sektorar.

OPPVEKST

Nokre samanlikningstal innan oppvekst for 2024. Første linje er henta frå KOSTRA-tal hjå SSB, medan resten er frå talmateriale hjå Utdanningsdirektoratet (UDIR).

Oppvekst - 2024	Askvoll	Brem-anger	Fjaler	Glop-pen	Gulen	Hylle-stad	Høy-anger	Solund	Stryn	Sunn-fjord	Landet
Barn med melding i barnevern % av barn	2,8	2,8	2,8	2,9	3,8	4,4	4,2	x	4,8	3,0	4,2
Trivs du på skulen 7. trinn (1 - 5)	3,9	4,4	4,0	4,3	4,0	4,0	4,0	3,3	4,0	4,2	4,1
Trivs du på skulen 10. trinn (1 - 5)	4,0	4,0	x	3,9	3,9	4,2	4,4	x	4,0	4,2	4,0
Barnehagelærar i prosent av bemanning	39,7	31,1	32,7	58,4	45,6	45,5	33,2	31,3	51,5	45,2	42,2
Andel undervisning med godkjent utdanning	86,8	94,2	94,3	100,0	92,7	90,1	91,4	60,7	97,7	95,5	95,1
Tal elevar pr lærarårsverk - grunnskule	6,9	6,0	7,5	10,0	6,4	7,5	8,4	6,3	9,0	10,1	11,1

Grøn eller gul farge er knytt til landssnittet i siste kolonne.

x= Manglar opplysningar i statistikken.

PLEIE OG OMSORG

KOSTRA-tal om pleie og omsorg i 2024.

Pleie og omsorg - 2024	Askvoll	Brem-anger	Fjaler	Glop-pen	Gulen	Hylle-stad	Høy-anger	Solund	Stryn	Sunn-fjord	Landet
Årsverk pr brukar av omsorgstenesta	0,5	0,57	0,46	0,48	0,51	0,76	0,51	0,36	0,51	0,46	0,56
Andel over 80 år med heimeteneste	31,4	30,3	42,4	39,1	40,1	29,6	34	31,3	31	37,7	25,9
Andel over 80 år med institusjonsopphald	12,7	16,3	9,9	2,3	9,6	10,4	13,1	10,9	9,2	9,3	9,4
Andel einerom i institusjonar	100	100	100	90	100	100	100	100	100	97,8	99,1
Bebuarar i budstadar til pleie og omsorg pr 1000 innbyggjar	10,24	11,9	13	18,7	22,12	15,62	9,5	6,76	14,78	11,96	7,3

Grøn eller gul farge er knytt til landssnittet i siste kolonne.

PLAN OG BYGGESAK

KOSTRA-tal om plan og byggesak i 2024.

Plan og byggesak - 2024	Askvoll	Brem-anger	Fjaler	Glop-pen	Gulen	Hylle-stad	Høy-anger	Solund	Stryn	Sunn-fjord	Landet
Byggesak- Gj.snitt sakshandsamingstid ved 3 vekers frist	10	28	175	12	1	19	20	28	33	12	19
Vedtaksår for samfunnsdel i kommuneplan	2023	2021	2014	2018	2023	2018	2021	2020	2024	2022	2020
Vedtaksår for arealdel i kommuneplan	2015	2024	2024	2023	2014	2009	2016	2022	2006	2024	2016

Grøn eller gul farge er knytt til landssnittet i siste kolonne.

BEREDSKAP

Opplysningar frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) for 2025.

Beredskap - 2025	Askvoll	Brem- anger	Fjaler	Glop- pen	Gulen	Hylle- stad	Høy- anger	Solund	Stryn	Sunn- fjord
Kva år vart overodna beredskapsplan sist revidert	2023 / fø	2024	2024	2024	2024	2024	2024	2025	2024	2024
Kva år vart heilheitleg risiko og sårbarheitsvurdering (ROS) gjort?	2025	2024	2023	2024	2024	x	2021	2025	2020 / fø	2022

Grøn farge for 2024 eller nyare.

x= Manglar opplysningar i statistikken.

FINANSIELLE NØKKELTAL

Samanlikningar om finansielle nøkkeltal, henta frå KOSTRA i mai 2025:

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Askvoll	3,8	3,9	3,6	4,4	-0,2	2,8	0,3	0,3	-3,5	-2,5
Bremanger	17,6	4,8	5,1	7,1	2,8	1,7	3,8	13,1	5,4	6,3
Fjaler	0,5	2,3	5,2	4,0	-1,4	-1,4	1,3	7,3	-3,0	0,8
Gloppen	0,5	1,6	-0,7	-0,3	-1,5	0,3	4,4	2,5	-0,7	0,7
Gulen	2,1	1,8	-2,9	11,4	6,1	11,6	4,9	9,4	0,4	5,2
Hyllestad	0,0	-2,6	-0,1	8,4	1,0	7,8	0,0	2,3	-2,8	2,6
Høyanger	3,4	2,2	1,7	0,5	0,3	2,5	0,2	-14,3	10,8	2,8
Solund	-0,5	1,0	1,9	17,4	1,2	13,7	2,5	14,1	0,5	14,0
Stryn	0,6	4,2	1,1	2,5	-2,8	0,6	0,0	1,7	0,3	-1,7
Sunnfjord	x	x	x	x	x	0,7	2,6	1,5	1,1	-5,3

Nasjonale måltal henta frå Teknisk beregningsutvalg (TB) > 4% 2-4% <2%

Netto lånegjeld i % av driftsinntekter

Netto lånegjeld i % av driftsinntekter

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Askvoll	77	75	73	71	78	78	86	88	85	81
Bremanger	84	73	70	73	72	73	74	75	77	79
Fjaler	61	65	77	74	86	110	134	125	120	110
Gloppen	93	100	102	108	115	119	115	112	104	103
Gulen	36	41	56	47	51	55	55	44	58	45
Hyllestad	77	82	82	86	104	89	107	97	93	87
Høyanger	96	95	96	95	95	108	110	121	85	90
Solund	59	79	80	71	92	84	92	82	83	90
Stryn	68	65	73	74	82	82	86	83	82	85
Sunnfjord	x	x	x	x	x	97	98	93	89	93

Nasjonale måltal henta frå Teknisk beregningsutvalg (TB) <60% 60-90% > 90%

Disposisjonsfond i % av driftsinntekter

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Askvoll	3,0	5,4	6,0	11,1	11,0	12,6	12,4	12,7	10,2	7,1
Bremanger	0,4	0,3	0,2	0,4	0,3	0,2	2,0	15,0	19,6	23,6
Fjaler	1,6	0,4	4,1	6,9	5,6	3,9	6,3	13,4	11,0	10,7
Gloppen	7,2	4,7	3,5	3,1	0,3	0,5	3,9	5,9	5,2	4,9
Gulen	15,1	14,5	12,9	19,2	24,0	30,9	34,6	34,8	35,7	35,6
Hyllestad	2,8	2,2	1,8	8,1	6,9	14,4	16,5	18,1	15,5	15,4
Høyanger	1,5	4,6	5,4	6,6	4,9	8,8	8,2	0,1	5,5	7,8
Solund	1,3	1,5	2,2	17,8	20,1	23,0	24,1	27,9	26,0	28,4
Stryn	2,3	5,8	6,7	7,0	6,1	5,6	5,7	7,6	7,5	5,7
Sunnfjord	x	x	x	x	x	4,6	6,0	5,3	7,3	2,2

Nasjonale måltal henta frå Teknisk beregningsutvalg (TB) > 10% 5-10% <5%

INNBYGGARTAL

Folketalsutviklinga i dei 10 eigarkommunane i SEKOM sekretariat. Tala er frå utgangen av 2. kvartal kvart år.

Kommune	30.06.1999	30.06.2003	30.06.2007	30.06.2011	30.06.2015	30.06.2019	30.06.2023	30.06.2025
Askvoll	3 384	3 287	3 109	3 008	3 030	3 034	2 962	2 920
Bremanger	4 148	4 065	3 889	3 910	3 876	3 684	3 432	3 391
Fjaler	2 943	2 891	2 807	2 810	2 820	2 778	2 883	2 934
Gloppen	5 777	5 770	5 695	5 699	5 755	5 856	5 919	5 942
Gulen	2 495	2 466	2 379	2 302	2 349	2 303	2 219	2 269
Hyllestad	1 568	1 557	1 502	1 481	1 414	1 345	1 259	1 269
Høyanger	4 667	4 571	4 382	4 248	4 224	4 078	3 917	3 890
Solund	978	897	867	862	785	816	764	742
Stryn	6 697	6 792	6 728	7 084	7 145	7 149	7 259	7 337
Sunnfjord	18 952	19 479	19 900	20 818	21 656	22 019	22 331	22 764

Endring i innbyggartal frå 1999 til 2024 der grøne kommunar har auke og raude kommunar har nedgang:

Kommune	Endring	Endring %
Askvoll	-464	-13,7 %
Bremanger	-757	-18,2 %
Fjaler	-9	-0,3 %
Gloppen	165	2,9 %
Gulen	-226	-9,1 %
Hyllestad	-299	-19,1 %
Høyanger	-777	-16,6 %
Solund	-236	-24,1 %
Stryn	640	9,6 %
Sunnfjord	3 812	20,1 %

Fargeskala

Grønt er auke og raudt er nedgang.

AVVIK PR STILLING

Denne oversikta vart laga i samband med rekneskap og årsmelding for kommunane våren 2025. Høgt tal på melde avvik indikerer god kultur for melding av avvik som del av forbetningsarbeidet.

Tabellen syner samla tal avvik i kvalitetssystemet for kvar kommune. For å kunne samanlikne mellom kommunar av ulik storleik, har vi delt det på tal stillingar. Informasjonen er henta frå kommunane sine årsmeldingar og ved spørsmål til kommuneadministrasjonen der det ikkje gjekk direkte fram.

Kommune	Tal avvik	Tal stilling	Avvik pr stilling
Askvoll	45	297	0,15
Bremanger	631	394	1,60
Fjaler	342	286	1,20
Gloppen	1097	523	2,10
Gulen	475	274	1,73
Hyllestad	198	137	1,45
Høyanger	622	418	1,49
Solund	79	86	0,92
Stryn	850	622	1,37
Sunnfjord	2950	1865	1,58

Fargeskala

Grønt er over 1,5 avvik pr stilling.

Gult er 0,5 til 1,5 avvik pr stilling.

Raudt er under 0,5 avvik pr stilling.

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL

Oversikt over forenkla etterlevingskontroll i kommunane frå ordninga vart innført i 2020.

Forenkla etterlevingskontroll	2020	2021	2022	2023	2024
Askvoll	2	1	2	2	1
Bremanger	3	1	2	3	1
Fjaler	2	1	2	2	1
Gloppen	2	1	1	2	1
Gulen	3	1	1	1	1
Hyllestad	1	1	2	2	1
Høyanger	1	2	1	2	1
Solund	3	1	2	1	1
Stryn	3	2	2	1	2
Sunnfjord	2	1	2	2	1
Gjennomsnitt	2,2	1,2	1,7	1,8	1,1

Tema for kontrollane	År	Snitt
Innkjøp av varer og tenester	2020	2,2
Vederlagsutrekning for institusjon	2021	1,2
Finansreglement - gjeldsforvaltning	2022	1,7
Arbeidsdeling i økonomiforvaltninga	2023	1,8
Handsaming av formidlingslån	2024	1,1
Fargeskala		
Ingen spesielle funn		1
Funn som ikkje er vesentlege for konklusjonen		2
Vesentlege funn og nummerert brev		3

3. REVISJONSPROSJEKT 2019 - 2023

Her er oversikt over revisjonsprosjekt i kvar av kommunane for førre valperiode. Grønt betyr at prosjektet er ferdig. Det er lenke til arkivsak for gjennomførte prosjekt.

Askvoll

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
	Rutinar for anbod og innkjøp	20.11.2020
1	Pleie og omsorg - bemanning	17.11.2021
2	Brukarmedverknad i tenester for helse og omsorg	10.11.2022
3	Planarbeid	07.09.2023
4	Økonomistyring	19.09.2024
5	Kommunalt eigarskap	
6	Investeringar	
7	Verneombodsordninga	
8	Vaktmeisterordninga	

Bremanger

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Personalforvaltning	11.06.2021
2	Planarbeid	16.09.2022
	Eigarskapsoppfølging (tinga hjå SEKOM)	09.12.2022
3	Dokumentasjon og innsyn	16.06.2023
4	Sakshandsaming innan plan og forvaltning	17.06.2024
5	Internkontroll	

Fjaler

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
	Prosess rundt tre investeringsprosjekt	03.02.2020
1	Sakshandsaming og offentlegheit	03.06.2021
2	Sikring av kommunale inntekter	23.05.2022
3	Barneverntenesta	15.05.2023
4	Skule - psykososialt miljø (utsett)	
5	Tenester til funksjonshemma	07.06.2024
6	Helse og omsorg	

Gloppen

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Betre tverrfagleg innsats (BTI)	17.06.2021
2	Barnevern	02.06.2022
3	Økonomiprosessar (utsett)	
4	Kommunen som tenesteytar og serviceaktør	31.08.2023
5	Internkontroll (delvis med i prosjekt 4)	
	Psykisk helse for barn og unge	30.05.2024

Gulen

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Planarbeid	28.05.2021
2	Løns og personalpolitikk	03.06.2022
3	Brukarmedverknad i tenester for helse og omsorg	15.09.2023
4	Personalforvaltning	01.10.2024
5	Personvern / GDPR	

Hyllestad

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Økonomistyring	22.11.2021
2	Sakshandsaming innan plan og utvikling	14.11.2022
3	Avvikshandtering	05.09.2023
4	Personalforvaltning	23.05.2024
5	Investeringar	

Høyanger

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Sjuefråværet i Høyanger kommune	
2	Kommunikasjon og informasjon	
3	Leiaropplæring og utvikling	31.01.2024
4	Samhandling mellom kommunale einingar	20.11.2024

Solund

1	Dokumentasjon / innsyn	09.11.2020
2	Rekruttering - frå behov til bemanning	15.11.2022
3	Inngåing og oppfølging av kontraktar	19.09.2023
4	Internkontroll	
5	Organisasjonsutvikling - prosess	24.09.2024
6	Økonomistyring	

Stryn

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	IKT-tryggleik og personvern	23.11.2021
2	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	30.11.2022
3	Psykisk helse - barn og unge	22.08.2023
4	Barnevern	14.06.2024
5	Omsorg - demografi	
6	Plan og areal	
7	Oppvekst - IKT	
8	Tilsetjingsprosess	
9	Nordfjord Hamn IKS	

Sunnfjord

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
	Sjølvkost på private planar og byggesak	29.09.2021
1	Pleie og omsorg - bemanning	16.06.2021
2	Avvikshandtering	20.06.2022
3	Prosjektstyring - Gjennomføring av investeringsprosjekt	10.10.2024
4	Sakshandsaming innan areal og byggesak	14.06.2023
5	Eigarskapskontroll (tinga hjå SEKOM)	24.03.2022
6	Innkjøpsområdet	

4. REVISJONSPROSJEKT 2024 - 2027

Dette er oversikt over revisjonsprosjekt for den inneverande valperioden. Lista er oppdatert pr 17.12.2025.

Det er lenke til arkivsak for kvart gjennomførte eller påbyrja prosjekt.

Askvoll

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Sunnfjord Miljøverk	07.11.2025
2	Psykisk helse	
3	Vedlikehald av bygg og eigedomar	
4	Sjølvkost innan vatn og avløp	
5	Trivsel i skulen	
6	Behalde og rekruttere leiarar	

Bremanger

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Informasjonstryggleik	23.06.2025
2	Undervisningspersonell	
3	Vedlikehald av kommunale eigedomar	
4	Økonomistyring	
5	Leiing	
6	Pleie og omsorg - tenester	
7	Barnehage - drift	

Fjaler

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Investeringsprosjekt	19.05.2025
2	Tidleg innsats	
3	Personalleiing (endra tittel)	
4	Kompetanse og rekruttering	
5	Flyktning og integrering	
6	Heimetenesta	
7	Skule -psykososialt miljø	

Gloppen

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Investeringsprosjekt	15.05.2025
2	Beredskap	
3	Økonomistyring	
4	Byggforvaltning	
5	Internkontroll	
6	Eigarskapsutøving	

Gulen

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Politiske vedtak - oppfølging	31.10.2025
2	Bemanning og kompetanse (endra tittel)	
3	Psykososialt arbeid i skulane	
4	Økonomistyring	
5	Personvern / GDPR	
6	Pleie og omsorg - tenester	

Hyllestad

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Omsorgstenester	14.05.2025
2	Beredskap	
3	Investeringsprosjekt	
4	Sjukefråvær	
5	Interkommunalt samarbeid	
6	System for varsling	
7	Flyktning og integrering	

Høyanger

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Omsorgstenester	19.11.2025
2	Psykososialt miljø i skulane	
3	Politiske vedtak med førebuing og oppfølging	
4	Økonomistyring	
5	Innkjøp	
6	Rekruttering og kompetanse	
7	Omorganiseringsprosess / styringssystem	

Solund

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Arbeidsmiljø	15.11.2025
2	Flyktning og integrering	
3	Internkontroll	
4	Beredskap	
5	Kompetanse	
6	Demensomsorg	
7	Psykososialt miljø i skulen	

Stryn

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Pleie og omsorgstenester	18.08.2025
2	Bemanning og kompetanse	
3	Psykososialt miljø i skulane	
4	Planarbeid	
5	Sjukefråvære	
6	Vald og truslar i skulane	

Sunnfjord

Pri	Prosjekt	Kontrollutvalet
1	Brannordninga	11.06.2025
2	Pleie og omsorg - tenester	
3	Utsleppsløyve	
4	Flyktning og integrering	
5	Informasjonstryggleik	
6	Barnehage - drift	

Samleoversikt 2024 - 2027

Vi har laga eit samla oversyn med gruppering av prioriterte prosjekt i kommunane. Dette gir litt innsyn i område der utvala har prioritert liknande prosjekt i minst 3 av kommunane:

Prosjekt		Ask	Bre	Fja	Glo	Gul	Hyl	Høy	Sol	Str	Sun
Pleie og omsorg - tenester	7		x			x	x	x	x	x	x
Rekruttering og kompetanse	6	x		x		x		x	x	x	
Skule - psykososialt miljø	6	x		x		x		x	x	x	
Flyktning og integrering	4			x			x		x		x
Økonomistyring	4		x		x	x		x			
Beredskap	3				x		x		x		
Eigarskap / interkommunale samarbeid	3	x			x		x				
Investeringsprosjekt	3			x	x		x				
Vedlikehald av bygg og eigedomar	3	x	x		x						

Kontrollutvalsplanane

Kommunestyra i alle SEKOM-kommunane vedtok gjeldande kontrollutvalsplan i løpet av 2024.

[Lenke til arkivsak med alle planane.](#)

Kommune	Saksnummer	Vedtak dato
Askvoll	46/24	19.06.2024
Bremanger	41/24	13.06.2024
Fjaler	49/24	20.06.2024
Gloppen	51/24	19.06.2024
Gulen	44/24	13.06.2024
Hyllestad	51/24	13.06.2024
Høyanger	82/24	31.10.2024
Solund	43/24	13.06.2024
Stryn	76/24	05.09.2024
Sunnfjord	84/24	26.09.2024



Bremanger kommune



Kontrollutvalsplan

Plan for forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll 2024 – 2027.

Gjeld til ny plan er vedteken.

Vedteken av kommunestyret i sak 41/24 den 13.6.24.

Innleiing

Dette dokumentet er ein felles plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Heimel i kommunelova er §23-3 om forvaltningsrevisjon og § 23-4 og eigarskapskontroll.

Planen syner dei prioriterte revisjonsprosjekta for valperioden med aktuelle problemstillingar. Endeleg formulering av problemstillingar vert gjort i eiga sak når kontrollutvalet tingar prosjektet.

Målsetjinga er å gjennomføre minst 4 revisjonsprosjekt i valperioden.

Prioriteringar

Revisjonsprosjekt

Følgjande prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vert prioriterte:

Prioritet	Prosjekttittel
1	Informasjonstryggleik
2	Undervisningspersonell
3	Vedlikehald av kommunale eigedomar
4	Økonomistyring
5	Leiging
6	Pleie og omsorg – tenester
7	Barnehage - drift

Fullmakt til endringar

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar og / eller tillegg i prioriteringa.

Meir om prosjekta

1. Informasjonstryggleik

Aktuelle problemstillingar

- Har kommunen oversikt over IKT-systema som er i bruk?
- Har kommunen rutinar for driftssikkerheit i dataverktøy?
- Vert rutinar om driftssikkerheit følgde?
- Har kommunen reserveløysingar som kan brukast om IKT-løysingar ikkje er tilgjengelege?
- Har kommunen rutinar for sikring av at sensitiv informasjon ikkje kjem ut?
- Vert rutinar om sensitiv informasjon følgde?

2. Undervisningspersonell

Aktuelle problemstillingar

- Har kommunen oversikt over noverande og framtidig behov for stillingar og kompetanse i skuleverket?
- Har kommunen oppdatert kartlegging av kompetansen til tilsette i skuleverket?
- Har kommunen rutinar som sikrar at tilsette har den formelle og reelle kompetansen som trengs for å utføre sine oppgåver?

3. Vedlikehald av kommunale eigedomar

Aktuelle problemstillingar

- Sikrar kommunen at politisk nivå får god informasjon om vedlikehaldsbehov?
- Har kommunen system for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale eigedomar?
- Har kommunen samordna planar for oppfølging av vedlikehaldsbehov inkludert budsjettmidlar til føremålet?
- Sikrar kommunen at framdrift i vedlikehaldsarbeidet er i samsvar med planar og vedtak?
- Har kommunen system for registrering og oppfølging av avvik og utbetringsspunkt på eigedomar?
- Har kommunen tydeleg ansvars- og oppgåvedeling for oppfølging av bygg og eigedomar?

4. Økonomistyring

Aktuelle problemstillingar

- Har kommunen rutinar som sikrar god rapportering, tilbakemelding og naudsynte styringssignal mellom ulike administrative nivå?
- Vert rutinane om rapportering og tilbakemelding følgde?
- Korleis sikrar kommunen at det er samanheng mellom økonomiplan/budsjett og andre kommunale planar?
- Er innhaldet i kommunen sine budsjettdokument og rapporteringar eigna til å gi kommunestyret god styringsinformasjon og sikre realistisk budsjettering?
- Samsvarar kommunen sine prognoser i tertialrapport og annan økonomirapportering godt med endeleg rekneskap?

5. Leing

Aktuelle problemstillingar

- Har kommunen overordna program / strategiar / planar for opplæring og utvikling av leiarar og mellomleiarar?
- Har kommunen rutinar og retningslinjer for kompetanse- og kompetanseutvikling for leiarar og mellomleiarar?

- Er leiaroppgåvene på ulike nivå konkretisert og avklara, t.d. i stillingsinstruks, rutinar mv.?
- Har kommunen styringsdokument for personalarbeid som medarbeidersamtale, mynde i personalsaker, tilrettelegging for tilsette med meir?

6. Pleie og omsorg - tenester

Aktuelle problemstillingar

- Korleis sikrar kommunen at brukarane får dei tenestene dei har krav på?
- Har kommunen system som sikrar at tenestemottakrane får dei tenestene som det er gjort vedtak om?
- Har kommunen rutinar for informasjon om tenesteinnhald, rettar og praktiske tilhøve til tenestemottakarar?
- Sikrar kommunen at brukarar og pårørande medverkar i utforminga av tenestetilbodet sitt?
- Har kommunen system for å hente inn erfaringar frå brukarar, pasientar og pårørande av pleie og omsorgstenestene?

7. Barnehage - drift

Aktuelle problemstillingar

- Sikrar kommunen som barnehageeigar at barnehagane har grunnbemanning i samsvar med tal born i ulike aldersgrupper?
- Har kommunen system og klar ansvarsfordeling ved innleige av vikarar?
- Er det gjort risiko og sårbarheitsvurderingar om tilhøve som har betydning for barnas helse og miljø?
- Er det beredskapsplanar for barnehagane?
- Sikrar kommunen at barnehagane gjennomfører øvingar knytt til beredskap?

Kontrollutvalet sitt arbeid

Kommunelova kapittel 22 slår fast at kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga. I kapittel 23 får kontrollutvalet ansvaret for det løpande tilsynet på kommunestyret sine vegner. Utvalet rapporterer direkte til kommunestyret og det er berre kommunestyret som kan gi pålegg til utvalet.

Det er ikkje avgrensingar verken organisatorisk eller elles på kva område i den kommunale drifta som kontrollutvalet kan føre tilsyn med.

I tillegg til dei prosjekta som vert gjennomført ut frå prioriteringa i denne planen, kan kontrollutvalet gjennomføre tilsyn med forvaltninga på fleire andre måtar. Til dømes

- Orienteringar frå kommunedirektøren / andre tilsette
- Orienteringar frå revisor

- Omvising og informasjon på einingar eller verksemdar
- Faktaundersøking ved revisjonen
- Avgrensa revisjonsrapportar
- Innhenting av informasjon og utgreiing ved sekretariatet

Fellesressursen med eit sekretariatselskap gjer at det ligg til rette for ekstra aktivitet i kontrollutvalet utan at kommunestyret må gjere tilleggsløyvingar.

Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret både om einskilde prosjekt og samla gjennom årsmelding.

Verknadstid

Planen gjeld frå den er vedteken av kommunestyret til ny plan vert vedteken.

Kommunestyret sitt vedtak

KST- 041/24 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsplanen vert vedteken med følgjande prioritering:

1. Informasjonstryggleik
2. Undervisningspersonell
3. Vedlikehald av kommunale eigedomar
4. Økonomistyring
5. Leiing
6. Pleie og omsorg - tenester
7. Barnehage - drift

Kontrollutvalet

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
17/26	Bremanger kontrollutval	09.03.2026

Arkiv	Sakshandsamar
	Arnar Helgheim

FKT fagkonferanse 2. og 3. juni - påmelding

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Sekretariatet melder på desse til FKT si fagkonferanse 2. og 3. juni inkludert ekstra overnatting frå 1. til 2. juni:

Saksutgreiing:

I budsjettet har kontrollutvalet rom for 2 deltakarar på FKT si fagkonferanse 2. og 3. juni. Sekretariatet si tilråding er at utvalet bestemmer kven som skal delta og at vi melder på.

Frå FKT sine nettsider 9. februar:

Fagkonferansen 2026 2. – 3. juni

Velkommen til Fagkonferansen 2026 på Quality Airport Hotel Gardermoen, 2. – 3. juni

FKT inviterer til et variert program bestående av følgende tema:

HABILITET OG ROLLEFORSTÅELSE – TEORI OG PRAKSIS

Rolleforståelse og habilitet er problemstillinger som er stadig tilbakevennende. Hvordan er reglene, og hvordan skal de leves ut i praksis, og hva er kontrollutvalgenes rolle?

STATLIG STYRING OG KOMMUNAL FRIHET – HVORDAN FÅ TIL BALANSE?

Oppmerksomheten rundt kommunesektoren er stadig økende, og det er en tydelig bevissthet rundt at de stadig økende oppgavene som tilføres kommunesektoren frå staten fører til at kommunene står i en skvis. Hva kan gøres?

ROBEK – HVA KAN MAN GJØRE NÅR ØKONOMIEN STRAMMER SEG TIL

Stadig flere kommuner opplever økonomisk usikkerhet, og står i fare for å havne på ROBEK-listen. Hva er det som skjer, og hva kan vi gjøre?

HVORDAN KAN KOMMUNENE VÆRE BEREDT I EN STADIG MER UROLIG OG UFORUTSIGBAR VIRKELIGHET?

Konferansier: Henning Warloe

Pris: Kr 8 900 (Ikke medlem kr 9 500). Tilslutningsdøgn (rom/frokost) kr 1 470
Påmeldingsfrist: 14. april.

Kontrollutvalet

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
18/26	Bremanger kontrollutval	09.03.2026

Arkiv	Sakshandsamar
FE-033	Arnar Helgheim

Oppfølgingsliste 2 - 2026

Vedlegg i saka:

Saker til oppfølging 2 - 2026 - Bremanger

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Gjennomgangen av oppfølgingslista vert teken til vitande.

Saksutgreiing

Vi viser til det vedlagde notatet med oppdatert oppfølgingsliste som viser saker kontrollutvalet skal følge opp.

I møtet går vi gjennom oppfølgingslita og stryk dei sakene som er avslutta. Utvalet kan også ta opp nye saker / spørsmål under denne saka. Mellom anna spørsmål som de ønskjer svar på frå kommunedirektøren i komande møte.

Til neste møte oppdaterer sekretariatet lista med det som skjedde i dette møtet.

Sakshandsamar	Arkivsak	Journalnr	Dato
Arnar Helgheim	25/242	26/154	23.02.2026

Saker til oppfølging 2 - 2026 - Bremanger

Sak	Status
Kontrollutvalsplan	6.5.24: KU-sak 27/24, vedtak: Kontrollutvalsplanen vert vedteken med følgjande prioritering: 1. Informasjonstryggleik 2. Undervisningspersonell 3. Vedlikehald av kommunale eigedomar 4. Økonomistyring 5. Leiging 6. Pleie og omsorg - tenester 7. Barnehage - drift 13.6.24: Kommunestyret vedtok kontrollutvalsplanen som tilrådinga frå kontrollutvalet. 1.12.25: Frå KU-sak 48/25 om møteplan: Sak med gjennomgang og eventuell endring av kontrollutvalsplanen i møte 9. mars.
Møteplan 2026 - kontrollutvalet	1.12.25: KU-sak 48/25, vedtak: Møteplan for Bremanger kontrollutval vert godkjent med møtetid kl. 9:00 til maks kl 12:00 på følgjande datoar i 2026: • 26. januar • 9. mars • 11. mai • 24. august • 2. november • 14. desember Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å gjere endringar i møteplanen.
Forvaltningsrevisjon - Informasjonstryggleik	17.6.24: KU-sak 36/24, vedtak om tinging. 25.11.24: KU-sak 59/24 godkjent prosjektplan 24.3.25: KU-sak 14/25, statusrapport: 23.6.25: KU-sak 27/25, vedtak: Vedtak: 1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om informasjonstryggleik vert teken til vitande. 2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik: a. Konkretisere kva innhald opplæring i informasjons- og datatryggleik skal ha.

	b. Lage rutine for opplæring i informasjons- og datatryggleik. c. Oppdatere arkivplan. d. Vurdere å lage prosedyre for kva den enkelte skal gjere ved sikkerheitsbrot. e. Sikre at ein har rutinar for trening på å unngå brot på informasjonstryggleik og oppfølging ved eventuelle brot. 3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2026. 24.6.25: Sendt saka til kommunestyret som har møte 18.9.25. 18.11.25: Etterlyst kommunestyrehandsaming av rapporten. 18.11.25: Kommunedirektøren opplyser at saka kjem opp i desembermøtet i kommunestyret. 18.12.25: Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding. I kommunestyret vart det stilt spørsmål om kvifor det var brukt «vurdere» i punkt d.
Tilsyn: Eigenkartlegging av helsetenester til heimebuande eldre	Frå tilsynskalenderen 17.1.25: • Dokumenttilsyn 6.1.25 – 2.6.25 28.1.25: Informasjon til kommunane frå Statsforvaltaren. Arkivsak: 2025/331. 8.10.25: Statsforvaltaren inviterer kommunane til digital samling 24.11.25 med presentasjon av funn. 8.12.25: Rapport frå Helsetilsynet. Informasjonssak til kontrollutvalet.
Tilsyn: Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren – muskel- og skjelettplager og psykiske plager	4.3.2025: Melding om tilsyn frå Arbeidstilsynet til Bremanger kommune ved kommunalsjef oppvekst. Datoar: 24.4. – 9.5. Arkivsak: 2025/663. 13.5.25: Rapport frå Arbeidstilsynet. 7 pålegg med frist 1.10.25. 23.6.25: KU-sak 26/25, handsaming og vedtak: Kommunalsjef for samfunn og utvikling Karl Vidar Førde informerte. Presentasjonen er sendt til sekretariatet for arkivering. Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande. 23.1.26: Brev frå Arbeidstilsynet. Utsett frist for pålegg nr 6 til 23.3.26. Dei andre pålegga er oppfylt.
Forvaltningsrevisjon - undervisningspersonell	23.6.25: KU-sak 28/25, vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om undervisningspersonell, hjå Vestland Revisjon. 2. Føremålet er å finne ut om kommunen ivaretek noverande og framtidig behov for stillingar og kompetanse i grunnskulen. 3. Kontrollutvalet ønskjer svar på: a. Har kommunen oversikt over noverande og framtidig behov for stillingar og kompetanse i grunnskulen? b. Har kommunen oppdatert kartlegging av kompetansen til tilsette i skuleverket?

	c. Korleis sikrar kommunen at tilsette i skuleverket har den formelle og reelle kompetansen som trengs for å utføre sine oppgåver? d. Har kommunen planar og tiltak for vidare- og etterutdanning for tilsette i skuleverket? e. Har kommunen oversikt over kor mykje undervisning, inkludert tilrettelagt undervisning som vert gitt av tilsette utan rett kompetanse? 4. Revisor skal vurdere tinging og problemstillingar slik det går fram av standard for forvaltningsrevisjon pkt 4, 5 og 6. 5. Frist for prosjektplan: 25.8.2025. 6. Frist for statusrapport: 20.1.2026. 7. Frist for levering av rapport: 1.6.2026. 24.6.25: Sendt tinginga til Vestland Revisjon. 8.9.25: KU-sak 34/25, handsaming og vedtak: Forvaltningsrevisor Charles Litsheim møtte i saka og informerte om prosjektplanen. Utvalet avklara at omgrepet "tilrettelagt undervisning" i tingsingsvedtaket samsvarar med "individuell tilrettelagt undervisning" i opplæringslova. Vedtak: Prosjektplan frå Vestland revisjon vert godkjent. 8.9.25: Sendt vedtak og presisering til Vestland Revisjon.
Kommunalt bustadtilskot	8.9.25: KU-sak 36/25, vedtak: Kommunedirektøren vert kalla inn til neste kontrollutvalsmøte for å informere om ordninga med bustadtilskot. 1.12.25: KU-sak 43/25, handsaming og vedtak: Kommunedirektør Tom Joensen og ordførar Anne Kristin Førde møtte og informerte. Presentasjonen vert sendt til sekretariatet for arkivering. Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.
Beredskap i kommunen - informasjon	1.12.25: Frå KU-sak 48/25 om møteplan: Sak til møte 9. mars med informasjon frå kommunedirektøren.
Økonomistyring - informasjon	1.12.25: Frå KU-sak 48/25 om møteplan: Sak til møte 24. august med informasjon frå kommunedirektøren.
Rekneskapsrevisjon - informasjon	1.12.25: Frå KU-sak 48/25 om møteplan: Sak til møte 2. november med informasjon frå kommunedirektøren.
Internkontroll - informasjon	1.12.25: Frå KU-sak 48/25 om møteplan: Sak til møte 14. desember med informasjon frå kommunedirektøren.
Tilsyn: Gjennomføring av spesialpedagogikk	20.1.26: Frå tilsynskalenderen: Tilsyn innan barnehage 2.3.26.

Tilsyn: Sikring av personopplysningar	13.2.26: Opplysningar frå Datatilsynet si nettside: Spørsmål til alle kommunane med frist 20.2.26. Utvalde kommunar må sende inn meir informasjon. Stadleg tilsyn med utvalde kommunar.
Årsmelding 2025 kontrollutvalet	26.1.26: KU-sak 05/26, vedtak: 1. Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2025. 2. Saka vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding: Kontrollutvalet si årsmelding for 2025 vert teken til vitande. 27.1.26: Sendt til kommunestyret for handsaming. Kommunestyret har møte 26.2.26.
Kommunen si handtering av uønska artar	26.1.26: Frå KU-sak 06/26 (oppfølgingsliste), handsaming: Orientering frå kommunedirektøren i neste møte: Kommunen si handtering av uønska artar: Kommunen sine rutinar og ansvarsfordeling. 11.2.26: Sendt informasjon om saka til kommunedirektøren.

Kontrollutvalet

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
19/26	Bremanger kontrollutval	09.03.2026

Arkiv	Sakshandsamar
FE-033	ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)

Godkjenning av møtebok

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Møteboka vert godkjent.

Saksutgreiing:

Siste sak i møtet er godkjenning av protokollen. Sekretariatet skriv ut protokollen og medlemmane signerer denne ved møteslutt.